



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200305288
Arkivnr. 021
Sakshandsamar Torgersen, Matti

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Opplærings- og helseutvalet	21.10.04	34/04
Fylkesutvalet	28.10.04	241/04

NOU 2004: 13: EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING. FRÅSEGN

Opplærings- og helseutvalet 21.10.04

Røysting

Det vart gjort punktvis røysting.

Pkt 1: Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Pkt 2: Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Pkt 3: H og Frp (6 røyster) røysta mot innstillinga. A, SV, RV og Krf røysta for innstillinga (6 røyster). Utvalsleiaren nytta ikkje si dobbelrøyst.

Utvalet var samd om at pkt 3 vert teke med i innstillinga.

Pkt. 4: Fylkesrådmannen sitt forslag vart smrøystes vedteke.

INNSTILLING

- 1 Fylkesutvalet vil peike på at det er eit stort behov for ei betre samordning og betre brukarretting av tenestene innanfor velferdsforvaltinga i Noreg. Dagens organisering har vore eit stort problem i arbeidet med å gjennomføre arbeidslina. Dette gjer det naudsynt å få raskt på plass ei betre organisering av forvaltinga innan dette området.
- 2 Fylkesutvalet er samd med utvalet i at velferdsforvaltinga bør organiserast i ein etat for arbeid og inntekt, og i ein organisasjon for pensjonar. Vidare bør kommunane fortsett ha ansvar for økonomisk sosialhjelp. Fylkesutvalet vil her særleg leggje vekt på at samordningsproblema er størst innanfor dei arbeidsretta tenestene og tiltaka. Danning av ein gigantorganisasjon vil kunne skape store interne samordningsproblem. Fylkesutvalet er samd i at ein ny statleg arbeidssøklarstønad kan lette overgang til arbeid for dei som er utan dagpengerettar, og støtter dette framlegget.
- 3 Fylkesutvalet meiner omtalen av "regional modell" er utilstrekkeleg og dels feilaktig. Framtidig organisering av arbeidsmarknadspolitikken bør ta utgangspunkt i tydelegare regionale arbeidsmarknadsstrategiar tilpassa lokale og regionale forhold. Spesielt dersom vi frametter får større og sterkare regionar med eit auka samfunnsansvar, bør det vurderast om fleire av verkemidla i arbeidsmarknadspolitikken bør overførast til eit regionalt folkevald nivå.

- 4 Ei utlokalisering av statlege arbeidsplassar er viktig for å få ei meir balansert utvikling i heile landet. Fylkesutvalet vil peike på at både ein etat for arbeid og inntekt og ein etat for pensjonar godt kan heilt eller delvis lokalisrast utanom Oslo- området.

Fylkesutvalet

28.10.04

Jan Koløy sette fram slikt forslag til nytt pkt 2:

” Fylkesutvalet er samd med utvalet i at velferdsforvaltinga bør organiserast i ein etat for arbeid og inntekt, og i ein organisasjon for pensjonar. Vidare bør kommunane fortsett ha ansvar for økonomisk sosialhjelp. Fylkesutvalet vil her særleg leggje vekt på at samordningsproblema er størst innanfor dei arbeidsretta tenestene og tiltaka. Fylkesutvalet er samd i at ein ny statleg arbeidssøkjarstønad kan lette overgang til arbeid for dei som er utan dagpengerettar, og støttar dette framlegget. ”

Røysting

Innstillinga pkt. 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga pkt. 2 vart vedteken med 12 røyster mot 3 røyster (Frp) for Koløy sitt forslag.

Innstillinga pkt. 3 vart vedteken mot 3 røyster (Frp).

Innstillinga pkt. 4 vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

- 1 Fylkesutvalet vil peike på at det er eit stort behov for ei betre samordning og betre brukarretting av tenestene innanfor velferdsforvaltinga i Noreg. Dagens organisering har vore eit stort problem i arbeidet med å gjennomføre arbeidslina. Dette gjer det naudsynt å få raskt på plass ei betre organisering av forvaltinga innan dette området.
- 2 Fylkesutvalet er samd med utvalet i at velferdsforvaltinga bør organiserast i ein etat for arbeid og inntekt, og i ein organisasjon for pensjonar. Vidare bør kommunane fortsett ha ansvar for økonomisk sosialhjelp. Fylkesutvalet vil her særleg leggje vekt på at samordningsproblema er størst innanfor dei arbeidsretta tenestene og tiltaka. Danning av ein gigantorganisasjon vil kunne skape store interne samordningsproblem. Fylkesutvalet er samd i at ein ny statleg arbeidssøkjarstønad kan lette overgang til arbeid for dei som er utan dagpengerettar, og støttar dette framlegget.
- 3 Fylkesutvalet meiner omtalen av ”regional modell” er utilstrekkeleg og dels feilaktig. Framtidig organisering av arbeidsmarknadspolitikken bør ta utgangspunkt i tydelegare regionale arbeidsmarknadsstrategiar tilpassa lokale og regionale forhold. Spesielt dersom vi frametter får større og sterkare regionar med eit auka samfunnsansvar, bør det vurderast om fleire av verkemidla i arbeidsmarknadspolitikken bør overførast til eit regionalt folkevald nivå.
- 4 Ei utlokalisering av statlege arbeidsplassar er viktig for å få ei meir balansert utvikling i heile landet. Fylkesutvalet vil peike på at både ein etat for arbeid og inntekt og ein etat for pensjonar godt kan heilt eller delvis lokalisrast utanom Oslo- området.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 1. november 2004

FYLKEGRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen